



**BRIDGE OG SAMHALD:** Det var duka for kortspel og samhald under Os junior på Os aktiv i helga. Foto: Sofie Bugge

# Heine (12), Einar (14) og Kristian (14) var på bridgeturnering i Os denne helga

I helga samla åtti unge bridgespelarar frå heile landet seg for å spela i Os junior open. Nivå og alder varierer, men alle har bridge-interessa til felles.

► **Sofie Bugge**

– Det kjekkaste er nok å få koma saman, og spela mot folk på sin eigen alder, meiner Einar, som i lag med kompisen Kristian har tatt turen frå Flekkefjord.

– Kva er kjekkest, då? Å konkurrera eller bli kjent med folk?

– Nei, det veit eg ikkje, ler han.

Det var faren til den jamgamle kompisen som introduserte dei to til bridge i ein alder av ni år. Sidan den gong har det blitt mange bridgespel, så også under helgas turnering.

I pausen er dei å finna på basketbanen utanfor Os Aktiv, kor dei nyttar pausen i kortspelinga til litt ballspel, i lag med Heine frå Farsund, eit lite stykke frå Flekkefjord. Heine starta å spela bridge i sommar, men er i motsetnad til dei to kompisane sikker på kva han liker best ved turneringa.

– Det kjekkaste er å konkurrera, meiner han.

**Meiner bridge kan hjelpe på å fokusera**

Som introduksjon til Os junior open har det blitt lagd ein film frå Os ungdomsskule, kor deltakarane i god turnering- og cup-stil søv og et måltid. Denne filmen

har Julie (15) frå Os juniorbridgeklubb vore med og laga.

Ho meiner bridge kan vera nyttig på fleire måtar.

– Det kan hjelpe ein til å fokusera betre, i tillegg til at ein kan vera sosial.

Julie er nemleg ei jente som likar å bidra til det sosiale. Ho har bidrege til ein kahoot for alle deltakarane, som éin av aktivitetane for kvelden.

– Det kjekkaste med denne turneringa er at ein møter mange nye folk, gjerne folk som kan meir enn deg, og som ein kan læra noko av, held ho fram.

**– Dei gjer det triveleg for kvarandre**

Og det er stor forskjell i nivå, kunnskap og ambisjonar blant dei som deltar, men det meiner kaptein for øverste pulje u/26, Lars Eide, ikkje er noko problem.

– Det er viktig å følgja opp både dei som vil bli gode, men også dei som berre

vil spela. Vi har noko som vi kallar bridge som sport, og så har vi bridge for alle, kor det sosiale er i fokus. Hovudpoenget er at alle skal med, meiner Lars.

– Under Os junior open har vi sett at dette har gått heilt fint. Årsaka til det er at alle er innstilte på å ha det kjekt, og å gjera det triveleg for kvarandre. Her er den yngste som deltar seks år, medan dei fleste av dei eldste er på landslagsnivå, held han fram.

Det er tydeleg at gløden er til stades blant dei unge spelarane. Sjølv i den korte pausen sit fleire samla rundt bordet og spelar nettopp bridge.

– Det sosiale med bridge er utruleg viktig. Det kan vera ein inngangsport til å koma inn i eit miljø, og skaffa seg eit nettverk når ein kjem på ein ny plass, trur Kristian B. Ellingsen, kaptein for u/16.





**FOKUS:** Julie (15) frå Os juniorbridgeklubb meiner bridge kan hjelpe ein til å fokusera betre. Foto: Sofie Bugge



**FRÅ HEILE LANDET:** Kapteinane for turneringa har tatt turen frå både øst, nord og vest. Foto: Sofie Bugge



**ARRANGØRANE:** Leif Juvik, Torhild Rasmussen og Tarjei Vedå Vangdal var arrangørar for turneringa i helga. Foto: Sofie Bugge



**SØLV:** Brage (i midten) dinglar med beina på stolen medan han spelar seg til sølv under turneringa, i lag med sin tre år eldre bror Markus. Foto: Leif Juvik

#### Vil rekruttera unge

Turneringa var ein del av fire-årsjubileet til Os juniorbridgeklubb som finn stad no i mars.

– Juniorklubben vart starta fordi vi ville ha fokus på å rekruttera fleire barn og unge, fortel arrangør Torhild Rasmussen.

– Ikkje alle ungdomar trivst med fotball

eller handball. Då er det viktig å ha eit alternativt, sosialt fritidstilbod for dei òg, meiner ho.

Brage Hansen Moe (7) frå Sandnessjøen var ein av dei som viste at alder ikkje er noka hindring. Han var turneringas yngste spelar, og kom på ein andreplass i par med sin bror Markus (10).



**MEISTRAR:** I helga blei Amalie Haugland og Emil Pedersen Matre noregsmeistrar i junior-NM på skøyter i Tønsberg. Foto: Privat

## – Nok ein gong kan dei to bjørnafjordingane smykka seg med laurbærkrans

Både Amalie Haugland (18) og Emil Pedersen Matre (18) gjekk heilt til topps i junior-NM i all-round på skøyter i helga.

gjekk ho 1.000- og 3.000-meter.

Emil Pedersen Matre vann 500-meteren laurdag, og blei nummer to 3.000-meteren. Søndag vann han 1.500-meteren og blei nummer to på 5.000-meteren, der Sigurd Henriksen blei for sterk. Han vann med nesten 20 sekund. Det var dei to som kniva om samanlagt-sigeren.

– Samanlagt heldt det akkurat til siger, seier tipsar, Hildegunn Stokke og held fram:

– Nok ein gong kan dei to bjørnafjordingane smykka seg med laurbærkrans.

Amalie Haugland går for Bergen Skøyteklubb. Emil Pedersen Matre går for Fana IL.

► **Benjamin Søgne Olsen**  
benjamin@osogfusa.no

Amalie Haugland vann alle fire distansar. Ho gjekk 500-meter og 1.500-meter laurdag. Søndag